

## Framlegg til rettleiande forskrift om skulekringsgrenser

### Framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og kultur vedtek å senda framlegg til forskrift om skulekringsgrenser på høyring.

Framlegg til endring av forskrift om kringsgrenser er knytt til framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg. Om skulestruktur vert endra, må òg forskrift om kringsgrenser endrast. Om skulestruktur ikkje vert endra, bør forskrifta sin sakshandsamingsdel likevel reviderast.

Saka skal handsamast som ei forskrift etter forvaltningslova kap. VII.

Frist for merknadar er sett til sju veker etter kunngjering: Fredag 26. april 2024

### Røysting:

Innstillinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Utval for oppvekst og kultur vedtek å senda framlegg til forskrift om skulekringsgrenser på høyring.

Framlegg til endring av forskrift om kringsgrenser er knytt til framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg. Om skulestruktur vert endra, må òg forskrift om kringsgrenser endrast. Om skulestruktur ikkje vert endra, bør forskrifta sin sakshandsamingsdel likevel reviderast.

Saka skal handsamast som ei forskrift etter forvaltningslova kap. VII.

Frist for merknadar er sett til sju veker etter kunngjering: Fredag 26. april 2024

# Kommunedirektøren, 29.02.2024

## Dokumentliste

- |   |            |  |
|---|------------|--|
| X | 17.02.2024 | Vedtatt planprogram  |
| S | 25.02.2024 | Førstegongshandsaming framlegg til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg |
| S | 27.02.2024 | Framlegg til rettleiande forskrift om skulekringsgrensar                           |

### Vedlegg

- 1 Forskrift om rettleiande kringsgrenser for grunnskulen i Stord kommune 2024
- 2 Ny kringsgrense alternativ 1
- 3 Ny kringsgrense alternativ 2
- 4 Ny kringsgrense alternativ 3a
- 5 Ny kringsgrense alternativ 3b
- 6 Ny kringsgrense alternativ 3c
- 7 Gjeldande forskrift om rettleiande kringsgrenser i Stord kommune

## Innleiing (bakgrunn for saka)

Utval for oppvekst og kultur vedtok i PS 7/14 rettleiande forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune. Forskrifta består av ein sakshandsamingsdel og eit kart som syner skulekringsgrensene i Stord kommune.

Utval for oppvekst og kultur vedtok 13.02.2024 planprogram til kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg (kommunedelplanen). Etter planprogrammet skal kommunedelplan til førstegangshandsamast i utval for oppvekst og kultur 05.03.2024. Framlegg til kommunedelplan greier ut fleire alternativ for skulestruktur. Alternativa inneber at ein eller fleire skular vert lagde ned. Ved nedlegging av skular må skulekringsgrensene trekkast på nytt gjennom ei forskriftsendring. Kommunedelplanen beskriv dagens skulestruktur og tre alternativ for ny skulestruktur. Eitt fjerde alternativ kan og vera å gjennomføra alle alternativa, men då som ein stegvis plan over fleire år.

Tema for framlegg til rettleiande forskrift om kringsgrenser er kor elevane skal gå på skule, gitt dei ulike alternativa for endring i skulestrukturen.

Sjølv om ikkje skular vert lagde ned og ein vel å vidareføra dagens skulestruktur, ønskjer kommunedirektøren ei revidering av sakshandsamingsdelen i forskrift om kringsgrenser. Dette for å sikra rask, føreseeleg og likeverdig handsaming av saker om tildeling av skuleplass.

Endring av kringsgrensene skal handsamast som forskrift etter forvaltningslova kap. VII.

Ny forskrift om kringsgrenser vil vera gjeldande frå 1. august 2024.

## Saksutgreiing/vurdering

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på sin nærskule. Dette følgjer av opplæringslova § 8-1 første ledd første punktum. Der står det at elevane «har rett til å gå på den skolen som ligg nærist eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til». Begge alternativa, «nærast» og «soknar til», handlar om same vurderingstema, nemleg kva som skal reknaast som nærskule.

Frå august 2024 gjeld ny opplæringslov som i § 2-6 seier at:

*"Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen legge særleg vekt på kva skole som ligg nærest heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktihøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolog skal få gå på same skole.*

*Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på."*

Kva som skal reknast som nærskulen vert avgjort av ei rekke forhold omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf. NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal takast utgangspunkt i geografi, men også andre objektive forhold som t.d. topografi og farleg skuleveg er relevante omsyn. Det kan også leggjast vekt på subjektive forhold som at eleven har søsken på skulen.

Kommunen kan avgjera kva som er nærskulen i ei rettleiande forskrift om skulekrinsgrenser. Ei slik rettleiande forskrift kan likevel ikkje hindra at ein elev kan krevja å få gå på sin nærskule. Kapasitet på skulen kan berre få betydning for skulekrinsen/nærskulen når det kan dokumenterast at ein skule er full.

Opplæringslova § 8-1, første ledd andre punktum gjev kommunen heimel til å fastsetja forskrifter; *«om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til»*. Denne forskriftsheimelen er først og fremst gjeve for at det skal vera føreseileg for innbyggjarane kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til, samt styra den kommunale saksbehandlinga og sikra likebehandling. Forskrifta vil også vera sentral ved klagebehandling, der kommunen vert gjeve høve til å synleggjera for Statsforvaltaren korleis nærskuleprinsippet er ivareteke.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vera ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Forskrifta må vera utforma i samsvar med dei omsyn som er lovlege etter ei tolking av lov og forarbeid – sjå over. Ei forskrift vil derfor vera klarast der den legg vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskrifta må likevel også opna for å legga vekt på subjektive forhold, der spørsmål om nærskuleprinsippet må avgjerast i den konkrete sak. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsrom eller sjølvstyre å fastsetja forskrifter i strid med nærskuleprinsippet.

Uansett kva som vert rekna som nærskulen i høve til lov og forskrift, kan elevar etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd søkja om å få gå på ein annan skule enn den elevane soknar til. I motsetjing til avgjerder etter § 8-1 første ledd, vil vedtak om å gå på ein annan skule enn nærskulen, jf. opplæringslova § 8-1 tredje ledd, vera underlagt kommunen sitt «frie skjønn». Statsforvaltaren sitt høve til å overprøva slike vedtak er avgrensa av den ulovfesta forvaltningsrettslege lære om misbruk av mynde.

Komité for oppvekst og utdanning vedtok, med heimel i opplæringslova § 8-1, rettleiande forskrift om krinsgrenser for grunnskulane i Stord kommune 29.04.14.

Forskrifta syner til dei sju eksisterande barneskulekrinsane Litlabø, Sagvåg, Tjødnalio, Langeland, Leirvik, Hystad og Rommetveit. Grensene mellom dei ulike skulane er teikna inn på oversiktskart for kommunen. Av kartet er det mogeleg å identifisere kva skulekrins husstanden høyrer til. Stord kommune har tre kommunale ungdomsskular. Inntaksområde for Stord ungdomsskule er skulekrinsane Leirvik og Langeland. For Nysæter ungdomsskule er inntaksområdet skulekrinsane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio. Inntaksområde for Nordbygdo ungdomsskule er Hystad og Rommetveit skulekrins.

I tillegg til skulekrinsgrense, med kart som syner skuletilhøyrsla, har forskriften sakshandsamingsreglar. Forskrifta punkt 4, om tildeling av plass, seier at «husstandane i dei ulike skulekrinsane soknar som houvdregel til skulen i eige krinsområde. Ved tildeling av plass skal det takast omsyn til (ikkje prioritert):

- Geografiske og trafikkale forhold
- Om eleven har søsken med skuleplass på same skule
- Om det er kapasitet på den enkelte skule.

Elever på 1. trinn vert tildelt skuleplass i mai månad, det året dei byrjar på skulen.»

Forskrifta har elles eit punkt om klagerett.

Sak om ny rettleiande forskrift om skulekrinsgrensar er knytt til kommunedelplanen.

Endring av skulestruktur som inneberer nedlegging av skuler og skulekrinsar medførar at nye skulekrinsgrenser må teiknast. I kommunedelplan vert tre ulike alternativ greia ut i tillegg til 0-alternativet som er dagens situasjon. I tillegg til skulekrinsgrense, med kart som syner skuletilhørsle, bør forskrifta innehalda sakshandsamingsreglar. Kommunedirektøren føreslår endring òg i sakshandsamingsdelen. Denne er omtalt under alternativ 0.

## **Alternativ 0 Vidareføring av dagens skulestruktur**

Kommunedirektøren syner til kommunedelplanen og utgreiing som her gjerast i høve alternativ 0. Alternativ 0 inneber at ein vidarefører dagens skulestruktur med 10 kommunale grunnskular og 10 skulekrinsar. Alternativet fører ikkje til behov for endring av krinskart.

Forskrifta følgjer som vedlegg.

Sjølv om skulestruktur ikkje vert endra gjer kommunedirektøren framlegg om endring i forskrifta sin sakshandsamingsdel. Endringsforslag inneber ei modernisering og klargjering av sakshandsamingsdelen. Føremålet er å sikra rask, føreseieleg og likeverdig handsaming av saker om tildeling av skuleplass.

Framlegg til forskrift om rettleiande krinsgrenser ligg vedlagt.

## **Alternativ 1 To barneskular i kvart område**

Alternativ 1 skisserer ei løysing der ein held fram med barneskulane i område Nordbygdo og område Sentrum, med endringsforslag at Litlabø skule vert lagd ned. Eventuell nedlegging av Litlabø skule gjer endring av rettleiande forskrift om krinsgrenser nødvendig.

Kommunaldirektøren viser til utgreiing om alternativ 1 i kommunedelplanen.

### **Utfordring og problemstilling i høve alternativ 1:**

Alle elevane i Litlabø skulekrins vil ved nedlegging av Litlabø skule få Sagvåg skule som sin nærskule etter opplæringslova. Dette med unntak av nokon få elevar i Litlabøvegen som vil få Leirvik skule som sin nærskule. Dette betyr at alle elevane frå Litlabø skulekrins i utgangspunktet vil ha nærskulerett til Sagvåg skule. Sagvåg skule har ikkje kapasitet til å ta i mot alle elevane i Litlabø skulekrins. Heller ikkje Tjødnalio skule har kapasitet til å ta i mot alle elevane frå Litlabø skulekrins. Ved ei nedlegging av Litlabø skule, må elevane fordelast mellom Sagvåg og Tjødnalio skule. Spørsmålet vidare vert om og eventuelt kva elevar i Litlabø skulekrins som kan tildelast Tjødnalio skule som sin nærskule som følgje av kapasitetsutfordringar ved Sagvåg skule.

Dette skriv Udir:

«Det er imidlertid en svært begrenset adgang til å legge vekt på kapasitet, både ved avgjørelsen av enkeltsaker og ved fastsettelse av forskrift om skolekretsgrenser. Etter Utdanningsdirektoratets vurdering blir det først aktuelt å legge vekt på kapasitet når det kan dokumenteres at en skole er full.»

[Nærskoleprinsippet og skolekretsgrenser | udir.no](http://Nærskoleprinsippet_og_skolekretsgrenser_udir.no)

Kommunedirektøren vurderer derfor at det kan vere lovleg å senda elevar til annan skule enn den som ligg nærmast om nærskulen er full. Dette både i enkeltsaker og gjennom forskriftsregulering.

## **Tal**

Tal frå Visma Flyt Skule (skuleadministrativt system), der skulestartarane er skrivne inn, viser at det ved skulestart skuleåret 2024/2025 vil vera 92 elevar på Litlabø skule.

Elevtalsframskrivingar gjort i samband med kommunedelplanen viser at det vil vera 103 elevar ved Litlabø skule til hausten. Avvik mellom tala skuldast skulebyte. Skulebyte er i hovudsak innvilga etter ei individuell vurdering av nærskulerett. Erfaring viser at ein del elevar flytter på seg inn mot skulestart. Skulebytesaker vert normalt handsama i perioden november til og med januar. Kommunedirektøren ventar derfor ikkje store endringar i elevtalgrunnlaget fram mot skulestart 2024/2025 og legg til grunn at elevtal på Litlabø skule vil vera nærmare 92 enn 103 elevar. Framskrivingar gjort i samband med kommunedelplanen viser vidare at tal er på veg vidare ned ved alle skulane i Sagvåg.

Sagvåg skule har maksimum kapasitet til 165 elevar. Elevtalframskrivingar viser at Sagvåg skule ved skulestart skuleåret 2024/2025 vil ha 145 elevar. Dette inneber at Sagvåg skule har kapasitet til å ta i mot 20 elevar frå Litlabø skulekrins.

Tjødnalio skule har maksimum kapasitet til 315 elevar. Elevtalframskrivingar viser at Tjødnalio skule ved skulestart skuleåret 2024/2025 vil ha 226 elevar. Dette inneber at Tjødnalio skule har kapasitet til å ta i mot 89 elevar frå Litlabø skulekrins.

Leirvik skule har maksimum kapasitet til 375 elevar. Elevtalframskrivingar viser at Leirvik skule ved skulestart skuleåret 2024/2025 vil ha 336 elevar. Dette inneber at Leirvik skule har kapasitet til å ta imot 39 elevar.

## Omsyn og prinsipp ved fordeling av elevar

- Kommunen må ta omsyn til nærskuleprinsippet både ved fastsetting av skulekringsgrenser og ved avgjerder i enkeltsaker.
- Skulekringsgrensene kan og bør endast om behov endrar seg. T.d. om kapasitet ved Sagvåg skule vert betra, må dette enten føra til at elevar får innvilga skulebyte etter handsaming av individuelle vurderingar av nærskuleretten, eller at ein reviderer skulekringsgrensene.
- Sysken bør få gå på same skule
- Elevar i same felt bør få gå på same skule.
- Grensene bør vere føreseielege og lett å forstå. (Unngå «lappe-tepper»)
- Skulevegen og skuleskyss
- Barnets beste (ivaretatt gjennom øvrige punkt)

## Forslag til ny kringsgrense:

Kringsgrensa mellom Litlabø og Tjødnalio fjernast. Litlabø skulekrins vil med dette i utgangspunktet gå inn i Tjødnalio skulekrins. Men Tjødnalio skule har ikkje kapasitet til å ta imot alle elevane og kapasitetsbegrensningar ved Sagvåg skule tilseier heller ikkje at alle elevane skal fordelast til Tjødnalio skulekrins, Kommunedirektøren har derfor lagd forslag der rettleiande kringsgrensa òg til Sagvåg endrast. Vidare føreslår kommunedirektøren at kringsgrensa mot Leirvik skule vert endra.

## Grense mot Leirvik skule

Kommunedirektøren føreslår å endra kringsgrensa mellom Tjødnalio/Litlabø og Leirvik skulekrins slik at grense går eit stykke vest for Vassenden og ca rett nord. Dette samsvarer med ei eldre kringsgrense mellom Leirvik og Litlabø skule. Frå hausten vil det i Litlabøvegen vere 7 elevar fordelt jamt på 1. til 7. trinn.

Befolkningsanalyse henta frå Norkart, viser at dette og vil vera trenden vidare. Tal frå skuleadministrativt system viser at det per i dag er 3 elevar i Litlabøvegen som går på Litlabø skule og 4 som går på Leirvik skule. Det er per i dag berre 2 elevar som bur i den

delen av Litlabøvegen som framover vil sokna til Tjødnalio skule. Alle elevane vil ha behov for skuleskyss på grunnlag av avstand (Fylkeskommunalt ansvar), medan dei i dag har skyss på grunnlag av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg (kommunalt ansvar).

### **Utviding av Sagvåg skulekrins**

Kommunedirektøren føreslår å utvida Sagvåg skulekrins med adressene Fjellsmogehaugen, Åsamyrvegen og Nysæterstølen. Dette er område som ligg nært Sagvåg skule og kor det per i dag allereie er fleire elevar som går på Sagvåg skule. Dette fordi dei har blitt innvilga nærskulerett til Sagvåg skule etter ei individuell vurdering. Sjølv elevar på 1. trinn vil ikkje vere avhengige av skuleskyss frå desse områda til Sagvåg skule. Dette kan ein og seia om t.d. adresser i Mosahaugen, Nysætervegen og Nysæterneset. Men ei utviding dit vil ikkje gi ei samanhengande og føreseielegr kringsgrense. Ein kjem i då i «trekkruta» til elevane frå nordsida av bruva over Hustredalsvatnet.

I Åsamyrvegen bur det 10 barn født i årene 2012 til 2018. Av desse barna går 5 på Litlabø og 5 på Sagvåg. Nærleik til Sagvåg skule og at allereie fleire barn i dette området går på Sagvåg skule tilseier at utviding i denne retninga er naturleg. Utviding i denne retninga vil gi ei naturleg og føreseielegr kringsgrense mot Tjødnalio skulekrins. Elevar på 1. trinn vil her ha gangavstand til Sagvåg skule, men ikkje til Tjødnalio skule.

I Fjellsmogehaugen bur det 9 barn født i årene 2012 til 2018. Av desse barna går 7 på Litlabø skule og 2 på Sagvåg skule. Nærleik til Sagvåg skule og at allereie fleire barn i dette området går på Sagvåg skule tilseier at utviding i denne retninga er naturleg. Utviding i denne retninga vil gi ei naturleg og føreseielegr kringsgrense mot Tjødnalio skulekrins. Elevar på 1. trinn vil her ha gangavstand til Sagvåg skule, men ikkje til Tjødnalio skule.

I Nysæterstølen bur det 10 barn født i årene 2012 til 2018. Av desse barna går 5 på Litlabø skule, 3 på Sagvåg skule og 2 på Tjødnalio skule. Nærleik til Sagvåg skule og at allereie fleire barn i dette området går på Sagvåg skule tilseier at utviding i denne retninga er naturleg. Utviding i denne retninga vil gi ei naturleg og føreseielegr kringsgrense mot Tjødnalio skulekrins. Elevar på 1. trinn vil her ha gangavstand til Sagvåg skule, men ikkje til Tjødnalio skule.

Sagvåg skule har kapasitet til å ta i mot 20 elevar. Om ein utvidar med Åsamyrvegen, Fjellsmogehaugen og Nysæterstølen vil ein frå hausten få ei utviding med 17 elevar. Ein nærmar seg då at Sagvåg skule er full. I den grad skulen har kapasitet ut over dei 17 elevane, kan ein vurdera individuelle søknadar og t.d. vektleggja elevar med særskilde behov eller elevar som har sysken på Sagvåg skule.

Fordeling av elevar som går på Litlabø skule og skulestartarar frå Litlabø skulekrins vil med framlegg til kringsgrense gje slik fordeling:

Til Leirvik	2
Til Sagvåg	17
Til Tjødnalio	72

Dei tre skulane har kapasitet til å ta imot elevane.

Vedlegg: Ny kringsgrense alternativ 1

### **Estimat for behov for skuleskyss og av utgifter til skuleskyss**

Grunnlag for skuleskyss kan vera avstand. Elevar med skuleveg på 2 km eller meir har rett til skyss på 1. trinn. Frå og med 2. trinn er grensa 4 km. Vidare kan elev ha rett til skyss på medisinsk grunnlag. Det er fylkeskommunen som fattar vedtak på bakgrunn av avstand og medisinsk grunnlag. Til slutt kan skyss vera grunngjeve med at skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg. Det er kommunen som fattar vedtak om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

All skyss vert organisert av Skyss (fylkeskommunen). Økonomisk ansvar og kostnad avheng av skyssgrunnlaget og om transport vert gjennomført med buss eller taxi. I utgangspunktet betaler kommunen personsats for buss. Satsen er per i dag kr 17,86 per tur. Med to turar per dag og 190 skuledagar vert utgift per elev 6 787 kr i året. Når elev ikkje kan transporterast med buss og skyssgrunnlaget er særleg farleg skuleveg eller vanskeleg skuleveg, betaler kommunen mellom 115 kr og 135 kr per elev per tur. Med to turar per dag i 190 dagar blir pris per elev mellom 43 700 kr og 51 300 kr i året. Om elev går på ein annan skule enn nærskulen, og elev må transporterast med taxi, betaler kommunen 161 kr per tur. Her kan kommunen ta etterhald om at føresette sjølv betaler skuleskyssen, men i nokre tilfelle er det ikkje høve til å setja vilkår. Med to turar per dag i 190 dagar blir pris per elev 61 180 kr i året.

Ein del elevar har delt bustad og kan då ha rett til skyss frå begge eller berre den eine bustaden. Det er derfor ikkje uvanleg at elev har skyss færre enn 190 dagar. Tilbod om skyss gjeld så lenge vilkår for skyss er oppfylt og vert oppdatert løpende av Skyss. Behov for skyss og utgifter til skuleskyss svingar frå skuleår til skuleår, men kan òg svinga innanfor eit semester.

### **Skyssbehov og utgifter til skyss ut ifrå dagens situasjon - alternativ 0**

<b>Oversyn utgifter* til skuleskyss kalenderåret 2023</b>	
<b>Skule</b>	
Litlabø	35 646
Sagvåg	344 002
Tjødnalio	73 972
Hystad	488 355
Langeland	418 533
Leirvik	82 387
Rommetveit	186 486
Totalt	1 629 381

\*Inkl. 12%mva

<b>Oversyn tal* elevar med vedtak skuleskyss kalenderåret 2023</b>	
<b>Skule</b>	<b>Tal elevar</b>
Litlabø	9
Sagvåg	14
Tjødnalio	18
Hystad	16
Langeland	84
Leirvik	9
Rommetveit	23

Totalt	173
--------	-----

\* Tal elevar med rett til skuleskyss endrar seg fortløpende. I tabellen viser tal frå månaden det var flest elevar med vedtak om skyss.

### Skyss behov og utgifter til skyss ved Alternativ 1

Skyssbehov og utgifter til skyss dersom Litlabø skule vert lagt ned og ein legg til grunn forslag til kringsgrenser er ei estimering for skuleåret 2024/2025. Det er fleire usikkerhetsfaktorar ved berekninga. I estimatet er det lagt til grunn at utgifter til skuleskyss vil vera dei same i 2024/2025 som dei var i kalenderåret 2023 for elevar som ikkje vert berørt av endring av skulekrins. Dette for å få samanliknbare tal. Elevars rett til skyss er knytt til skulestart og skuleslutt. Skuleskyssen heng ikkje saman med start- og sluttid for skulefritidsordninga (SFO). Dette inneber at ikkje alle elevar som oppfyller avstandskriteriet for skuleskyss har skuleskyss. Kommunedirektøren har ikkje statistikk over andel elevar med rett til skyss som nytta seg av skuleskyss. Tabellen nedanfor legg derfor til grunn alle elevar som oppfyller avstandskriteriet. Tal bygger på eleven sin hovudbustad og fangar ikkje opp elevar som har delt bustad. Nokre få elevar vil få Leirvik skule som sin nye nærskule. Desse bur i Litlabøvegen og har òg i dag behov for skuleskyss.

Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg kan gi grunnlag for skuleskyss. Litlabøvegen er definert som særleg farleg. Det er per i dag ei mindre gruppe som er avhengig av denne vegen for å koma seg til skulen. Dei har rett til skyss i dag, og vil ha rett til skyss uavhengig av val av skule. Det er ikkje andre vegstykke som Litlabø elevane må bruka for å koma til Tjødnalio eller Sagvåg skule som av kommunen er definert som særleg farleg eller vanskeleg.

<b>Oversyn estimerte utgifter* til skuleskyss skuleåret 2024/2025 for alternativ 1</b>	
<b>Skule</b>	
Sagvåg	344 002
Tjødnalio	250 429
Hystad	488 355
Langeland	418 533
Leirvik	82 387
Rommetveit	186 486
<b>Totalt</b>	<b>1 770 192</b>

\*Inkl. 12%mva.

<b>Estimat for tal elevar med behov for skuleskyss skuleåret 2024/2025</b>	
<b>Skule</b>	<b>Tal elevar</b>
Sagvåg	14

Tjødnalio	44
Hystad	16
Langeland	84
Leirvik	9
Rommetveit	23
Totalt	190

## **Alternativ 2 To barneskular i område Sagvåg, ein barneskule i Nordbygdo og to barneskular i område sentrum.**

Alternativ 2 inneber at Rommetveit skule blir lagt ned i tillegg til Litlabø skule. Eventuell nedlegging av Litlabø og Rommetveit skule medfører at forskrift om rettleiande krinsgrenser må endrast.

Kommunedirektøren viser til utgreiing om alternativ 2 i kommunedelplanen.

### **Omsyn og prinsipp ved fordeling av elevar**

Sjå omtale under alternativ 1.

### **Forslag til ny krinsgrenser:**

I høve ny krinsgrense som følgje av nedlegging av Litlabø skule viser kommunedirektøren til utgreiing under alternativ 1.

Ved nedlegging av Rommetveit skule, er kommunedirektøren sitt forslag at skulekrinsgrense mellom Rommetveit og Hystad skule fjernast. Elevar som i dag soknar til Rommetveit skule, vil etter ny krinsgrense sokna til Hystad skule.

Vedlegg: Ny krinsgrense alternativ 2

### **Skyss behov og utgifter til skyss ved Alternativ 2**

Skyssbehov og utgifter til skyss dersom Litlabø skule og Rommetveit skule leggjast ned og ein legg til grunn forslag til krinsgrenser er ei estimering av utgifter for skuleåret 2024/2025. Det er fleire faktorar som er usikre ved berekninga. I estimatet har er det lagt til grunn at utgifter til skuleskyss for elevar som ikkje vert berørt av endring av skulekrins vil vere dei same i 2024/2025 som dei var i kalenderåret 2023. Dette for å få samanliknbare tal.

Elevars rett til skyss er knytt til skulestart og skuleslutt. Skuleskyssen heng ikkje saman med start- og sluttid for skulefritidsordninga (SFO). Dette inneberer at ikkje alle elevar som oppfyller avstandskriteriet for skuleskyss har skuleskyss. Kommunedirektøren har ikkje statistikk over andel elevar med rett til skyss som nyttar seg av skuleskyss. Tabellen nedanfor reknar derfor med alle elevar som oppfyller avstandskriteriet. Tal bygger på elevs hovudbustad og fangar ikkje opp elevar som har delt bustad.

#### **Litlabø skulekrins**

Når det gjeld Litlabø skule viser til vurdering under alternativ 1.

I mellom Rommetveit og Hystad skule er det ikkje vegstykke som av kommunen er definert som særleg farleg. Ved Rommetveit skule er det elevar som har særleg farleg skuleveg, men desse vil ha dette uavhengig av val av skule.

Per i dag er det fleire elevar som i følgje rettleiande kommunal forskrift soknar til Rommetveit skule som går på Hystad skule. Fordi desse elevane ikkje går på det som etter gjeldande lokal forskrift er nærskulen, betaler kommunen høgare sats enn kva kommunen hadde gjort om dei hadde gått på nærskulen. Dei aktuelle elevane har fått innvilga Hystad skule som sin nærskule etter ei individuell vurdering eller har fått innvilga rett til å gå på ein annan skule enn nærskulen.

Fordi skulekrinsgrense mellom Hystad og Rommetveit skule er trukket skeivt opp er det ikkje enkelt å vurdera kva utslag nedlegging av Rommetveit skule vil få for utgifter til skyss. I samband med handsaming av individuell vurdering av nærskulerett mellom Hystad og Rommetveit, for skulestartarane skuleåret 2023/2024, vart avstand mellom elevar sin heim i Rommetveit skulekrins og Hystad skule rekna ut. Tal viste at 9 elevar hadde meir enn 2 km til Hystad skule. Ni var og talet elevar som hadde meir enn 2 km til Rommetveit skule. Øvrige elevar hadde mindre enn 2 km til begge skulane. Når det gjeld elevar frå og med 2. trinn vil det vere elevar som bur frå og med Førland, Grov og Grovaåsen, Fjellgardane som kjem over 4 km. Fleire av desse har òg skyss til Rommetveit skule grunna lang skuleveg eller på grunn av farleg skuleveg.

Kva utslag nedlegging av Rommetveit skule vil få i høve utgifter til skuleskyss er usikre. Om ein legg til grunn dagens tal og fordeling av elevar innanfor Rommetveit skulekrins, vil ein ved nedlegging av skulekrins ikkje få auka utgifter totalt sett. Mogleg vil utgifter verta redusert.

#### **Oversyn estimerte utgifter\* til skuleskyss skuleåret 2024/2025**

<b>Skule</b>	
Sagvåg	344 002
Tjødnalio	250 429
Hystad**	588 011
Langeland	418 533
Leirvik	82 387
Totalt	1 683 362

\*Inkl. 12%mva.

\*\* lagt inn eit forsiktig estimat på redusert utgift for dagens Hystadelevar med kr 86 830 og plussha på dagens skysskostnadar frå Rommetveit skule utan på- eller avslag.

#### **Estimat for tal elevar med behov for skuleskyss skuleåret 2024/2025**

<b>Skule</b>	<b>Tal elevar</b>
Sagvåg	14
Tjødnalio	44
Hystad	39
Langeland	84
Leirvik	9
Totalt	190

### **Alternativ 3 To barneskular i område Sagvåg, to barneskular i område Nordbygdo og ein barneskule i område Sentrum**

Alternativ 3 inneber at Leirvik skule blir lagt ned i tillegg til Litlabø skule. Eventuell nedlegging av Litlabø og Leirvik skule medfører at forskrift om krinsgrenser må endrast.

Kommunaldirektøren viser til utgreiing om alternativ 3 i kommunedelplanen.

#### **Omsyn og prinsipp ved fordeling av elevar**

Sjå omtale under alternativ 1.

#### **Forslag til ny krinsgrenser:**

I høve ny krinsgrense som følgje av nedlegging av Litlabø skule viser kommunedirektøren til utgreiing under alternativ 1.

Ved nedlegging av Leirvik skule har kommunedirektøren lagd tre alternative forslag til skulekrinsgrenser. Etter dette omtalt som alternativ 3a, 3b og 3c.

#### **Om tala**

Befolkningsanalyse frå Norkart viser at det frå og med skuleåret 2024/2025 vil bu 357 barn i årskulla 2012 til 2018 (1. til 7. trinn) i dagens Leirvik skulekrins. Tal avvik noko frå tal ein finn i skuleadministrativt system kor tal er 342 når skulestartarane er skrevet inn.

Differansen skyldast at elevar i krinsen har søkt seg inn på Stord Kristine skule og at det er fleire elevar som har fått innvilga skulebyte inn enn ut av skulekrinsen. Kommunedirektøren har ikkje eigne elevframskriving for dei alternative skulekrinsane. Men har lagd dette på bakgrunn av elevframskriving som er gjort for Leirvik skulekrins. Deretter er det nytta ein fordelingsnøkkel basert på tal frå Norkart.

#### **Forslag til krinskart alternativ 3a:**

Forslag inneber at ny grense mellom Langeland og Hystad skulekrins som starter ved Vabakkjen og går ned langs vikastemmo og ned bak Amfisenteret og ut i sjø. Sentrum blir skillelinja.

Vedlegg: Ny krinsgrense alternativ 3A.

Etter dette alternativet får 164 elevar (48%) Hystad skulekrins som sin nye nærskule og 178 (52%) Langeland skule.

#### **Forslag til krinskart alternativ 3b:**

Forslag inneber at ny grense mellom Hystad og Langeland skulekrins går langs Sæ. Frå E39 i nord til Vikabrekko. Grense følgjer vidare Hamnegata ned til sjø.

Vedlegg: Ny krinsgrense alternativ 3B.

Etter dette alternativet får 41 elevar (12%) Hystad skulekrins som sin nye nærskule og 301 (88%) Langeland skule.

#### **Forslag til krinskart alternativ 3c:**

Forslag inneber at grense mellom Hystad og Langeland skulekrins vil gå frå sjø og opp Hamnegata til rundkjøring ved Vikabrekko. Grense følgjer deretter Sæ og opp Lønningsåsen.

Vedlegg: Ny krinsgrense alternativ 3C.

Etter dette alternativet får 75 elevar (22%) Hystad skulekrins som sin nye nærskule og 266 (78%) Langeland skule.

### **Skyss behov og utgifter til skyss ved Alternativ 3**

Når det gjeld eventuell nedlegging av Litlabø skule visast til vurdering under alternativ 1. Elevar i Litlabøvegen vil etter alternativ 3 få enten Hystad skule eller Langeland skule som ny nærskule. Elevane vil uavhengig av skule ha rett til skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg.

Skyssbehov og utgifter til skyss dersom Leirvik skule vert lagt ned og ein legg til grunn forslag til krinsgrenser er ei estimering for skuleåret 2024/2025. Det er fleire usikkerheitsfaktorar ved berekninga. Estimatet legg til grunn at utgifter til skuleskyss vil vera dei same i 2024/2025 som dei var i kalenderåret 2023 for elevar som ikkje vert berørt av endring av skulekrins. Dette for å få samanliknbare tal.

Elevane sin rett til skyss er knytt til skulestart og skuleslutt. Skuleskyssen heng ikkje saman med start- og sluttid for skulefritidsordninga (SFO). Dette inneber at ikkje alle elevar som oppfyller avstandskriteriet for skuleskyss har skuleskyss. Kommunedirektøren har ikkje statistikk over andel elevar med rett til skyss som nyttar seg av skuleskyss. Tabellen nedanfor legg derfor til grunn alle elevar som oppfyller avstandskriteriet. Tal bygger på elevs hovudbustad og fangar ikkje opp elevar som har delt bustad.

Ingen av underalternativa vil utløysa rett til skuleskyss for elevar frå og med 2. trinn.

Tal elevar på 1. trinn som vil ha behov for skyss til

Hystad skule etter Alternativ A skuleåret 2024/2025: 27

Hystad skule etter Alternativ B skuleåret 2024/2025: 3

Hystad skule etter Alternativ C skuleåret 2024/2025: 7

Leirvik skule etter Alternativ A skuleåret 2024/2025: 16

Leirvik skule etter Alternativ B skuleåret 2024/2025: 40

Leirvik skule etter Alternativ C skuleåret 2024/2025: 36

I mellom Langeland skule og Hystad skule er det ikkje vegstykke som kommunen har definert som særleg farleg. I utgangspunktet vil det derfor ikkje vere elevar med rett til særskild farleg eller vanskeleg skuleveg.

<b>Oversyn estimerte utgifter* til skuleskyss skuleåret 2024/2025 for alternativ 3a</b>	
<b>Skule</b>	
Sagvåg	344 002
Tjødnalio	250 429
Hystad	671 599
Langeland	594 990
Rommetveit	186 486
Totalt	2 047 506

\*Inkl. 12%mva.

**Estimat for tal elevar med behov for skuleskyss skuleåret 2024/2025  
alternativ 3a**

<b>Skule</b>	<b>Tal elevar</b>
Sagvåg	14
Tjødnalio	44
Hystad	43
Langeland	110
Rommetveit	23
Totalt	234

**Oversyn estimerte utgifter\* til skuleskyss skuleåret 2024/2025 alternativ 3b**

<b>Skule</b>	
Sagvåg	344 002
Tjødnalio	250 429
Hystad	508 715
Langeland	757 873
Rommetveit	186 486
Totalt	2 047 506

\*Inkl. 12%mva

**Estimat for tal elevar med behov for skuleskyss skuleåret 2024/2025 alternativ 3b**

<b>Skule</b>	<b>Tal elevar</b>
Sagvåg	14
Tjødnalio	44
Hystad	19
Langeland	134
Rommetveit	23
Totalt	234

**Oversyn estimerte utgifter\* til skuleskyss skuleåret 2024/2025 alternativ 3c**

<b>Skule</b>	
Sagvåg	344 002
Tjødnalio	250 429

Hystad	535 863
Langeland	730 726
Rommetveit	186 486
Totalt	2 047 506

\*Inkl. 12%mva

**Estimat for tal elevar med behov for skuleskyss skuleåret 2024/2025  
alternativ 3c**

<b>Skule</b>	<b>Tal elevar</b>
Sagvåg	14
Tjødnalio	44
Hystad	23
Langeland	130
Rommetveit	23
Totalt	234

Estimat for skyssbehov og utgifter til skuleskyss viser at tal elevar som treng skyss totalt sett vil vera det same for dei tre alternativa. Variasjon ligg i kva skule dei vil ha rett til skyss til. På same måte vil utgifter til skyss vera lik for kommunen samla sett.

**Konklusjon:**

Kommunedirektøren rår til at Utval for oppvekst og kultur sender framlegg rettleiande forskrift om kringsgrensar på høyring parallelt med kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg.

Høyningsfrist er sett til sju veker etter kunngjering: Fredag 26. april 2024

Kommunedirektøren handsamar innspela legg fram sak om endring av rettleiande forskrift om skulekringsgrenser parallelt med framlegg til sak om revidert Kommunedelplan for skulestruktur og skuleanlegg til Utval for oppvekst og kultur 14.5.2024.

Utval for oppvekst og kultur gjer si innstilling til rettleiande skulekringsgrense parallelt med revidert Kommunedelplan for skulestruktur og vert vidare handsama i kommunestyret 30.5.2024.